



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Kari Elster Moen - 55516115

Vår referanse:  
2015/008474-012

Dykkar referanse:

Vår dato:  
31.08.2015

### Tilbakemelding etter synfaring - gnr 38 bnr 1 mfl - Radøy kommune

Statens vegvesen var på synfaring på Radøy 28.08.2015 og kørde forbi Radøy skyttarlag sitt anlegg. Vi såg då at det framleis er trong for ei opprydding av tilhøva langs fylkesveg 411. Radøy kommune er planmynde og har ansvar for å sjå til at godkjent reguleringsplan vert følgt opp. Statens vegvesen har interesser i planområdet fordi det ligg til fylkesveg. Vi vil derfor gje ei tilråding til kva vi meiner bør gjerast med arealet som grensar til fylkesvegen for at tiltaket skal vere i samsvar med reguleringsplanen.

Skyttarlaget har plassert ei rekke med store steinar i ein avstand som tilsvarar 10 meter frå vegkant. Avstanden samsvarar med det Statens vegvesen hadde som vilkår i samband med søknad om endring av reguleringsplanen. Vi rår til at kommunen krev at steinane vert erstatta av ein avvisande kant eller mur som er støypt eller bygd av naturstein. Arealet innanfor, mellom vegkant og mur, bør tilbakeførast så langt det er mogeleg. Der det er sprengt bort fjell og gravd bort jordmassar, må det tilførast jord og steinmassar. For å få ei stabil skråning bør det plantast til.

Ta gjerne kontakt om det er spørsmål til dette!

Plan- og forvaltningsseksjonen - Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*  
Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Kari Elster Moen*  
Kari Elster Moen  
overingeniør

Kopi: Radøy skyttarlag v/Ing. Taule

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks: